



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Statsforvalteren I Innlandet
Postboks 987
2604 Lillehammer

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SNOTON - 25/13071

Arkiv:

141, 202102

Vår dato:

24.11.2025

Oversending av resultat frå resipientundersøking nedstraums Nerreføss, og oppmoding om trekking av motsegn på kommuneplanens arealdel

Vedlagt følgjer resultatrapport frå resipientundersøkinga nedstraums for Nerreføss RA, datert 24.11.2025.

Saksopplysningar

Statsforvaltaren har hatt følgjande motsegn til kommuneplanens arealdel som endå ikkje er løyst:

«Med bakgrunn i manglande kunnskapsgrunnlag om resipientkapasitet nedstraums Nedrefoss har Statsforvaltaren motsegn til planen. Denne kan løysast ved at det dokumenterast at resipientane for det planlagde utsleppet kan tilførast utsleppa utan at tilstanden forringast eller aukar faren for at dei blir forringa.»

For å løyse denne har kommunen gjennomført resipientundersøking nedstraums for Nerreføss RA. Resultata syner at det er begrensa kapasitet for auka belastning, særleg på grunn av fosfornivåa i Sæbufjorden som allereie i dag gir den moderat økologisk tilstand. Hovsfjorden har begrensa fosforkapasitet, medan nitrogenkapasiteten er begrensa i Røssåne og Hovsfjorden. Resultata er noko usikre, då ein ikkje har prøver over fleire sesongar i alle delar av prøvestrekningen.

Tal nye PE i kommuneplanens arealdel, og sanering av spreidd avløp:

Det som no ligg inne i kommuneplanens arealdel er det same som grunnlaget for framskriving av PE i søknad om utsleppsløyve til nye Nerreføss RA, der Statsforvaltaren førebels har godkjent 15000 PE. Område avsett til framtidige fritidsbustader utanfor Beitostølenområdet har eit samla tal PE på 2280 (m/ 80 % belegg). Kommunen har også ei målsetjing om at eksisterande hytter skal koplast til offentleg vatn og avløp over tid. Dette utgjer samla 6062 PE. Om lag 600 av desse hyttene har i dag separate avløpsanlegg. Sanering av spreidd avløp vil redusere utsleppa til resipientane, og vi vurderer det som rett å halde fram dette arbeidet sjølv om det vil gje auka avløpsmengder til Nerreføss RA. Dette er eit arbeid som kjem til å gå over tid.

I samband med revideringa av kommuneplanens arealdel har vi allereie teke ut store område som tidlegare var avsett til utbyggingsområde, og tilbakeført desse til LNFR-areal. I arealrekneskapen som følgjer i planomtalen til arealdelen, kjem det fram av tabellane at om lag 3400 dekar er tilbakeført frå utbyggingsføremål til LNFR-areal.

Kommunen skal kunne planlegge for meir enn dagens kapasitet:

Kommuneplanens arealdel har ein tidshorisont på mange 10-år fram i tid. Med eit årsgjennomsnitt på om lag 40-50 einingar i året, i hovudsak i Beitostølsområdet, og dokumentert kapasitet for Øyangen på om lag 1000 einingar, har vi om lag 20 år med framtidig hytteutbygging dersom vi legg historiske tal til grunn i det området. Kommunen er i gang med planlegging av eit felles reinseanlegg for kommunane Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Øystre Slidre kommune. Eit felles reinseanlegg i Valdres vil ta langt kortare tid enn 20 år å realisere.

De hadde tidlegare motsegn til manglande kapasitet i Beitostølenområdet, men trakk motsegna grunna resultat etter klagehandsaming av liknande sak i Kommunal- og distriktsdepartementet. Den fastslo at kommunen kan planleggje for ny arealbruk sjølv om ein ikkje har nok reinsekapasitet på planleggingstidspunktet, dersom kommunen syner til korleis vi vil løyse kapasitetsutfordringa for framtida.

Plan- og bygningslova vil ligge til grunn for all framtidig utbygging, noko som inneber at bortføring av avløpsvatn er sikra i samsvar med forureiningslova, jf. § 27-2 i pbl.

Planar for betring av reinsekapasitet i Beito RA

De synte i brev datert 01.10.2025 til manglande reinsekapasitet på Beito RA. ØSK har samen med Sweco starta et forprosjekt for utviding av reinsekapasiteten med mål om å innfri anleggets reinsekrav 10-15 år framover. Det er aktuelt å utvide reinseanlegget med 1 ny linje i ettersedimenteringen. Andre tiltak blir også vurdert for å oppnå størst mogleg kapasitet i eksisterande anlegg. Forprosjekt og kostnadsoverslag skal vere ferdig i desember 2025, med mål om legge byggeprosjektet ut på anbod fyrste halvdel av 2026.

Felles VA Valdres

Etter arbeidet med Felles VA Valdres har Øystre Slidre, Vestre Slidre og Nord-Aurdal kommune gått saman om å utgreie eit felles reinseanlegg. Etter planen vil vi kontrahere konsulent for moglegheitsstudie like over nyttår 2026. Moglegheitsstudiet skal gi svar på dei økonomiske konsekvensane av å etablere eit felles reinseanlegg, og vurdere dei tekniske sidene ved lange overføringsleidningar, nitrogenreinsing og andre driftsutfordringar. Moglegheitsstudiet skal vere ferdig i løpet av september 2026. Dersom studiet syner ein positiv gevinst ved samarbeid vil saka bli lagt frem for handsaming i kommunestyret i løpet av 2026. Vi må rekne med fleire år med prosjektering og bygging før eit nytt felles reinseanlegg vert sett i drift.

Slutthandsaming av kommuneplanens arealdel:

Arealdelen av kommuneplanen er sendt ut for slutthandsaming i formannskapet 27. nov, med behandling i kommunestyret i desember. Plandokumenta er tilgjengelege her:

<https://www.oystre-slidre.kommune.no/innsyn.aspx?response=mote&moteid=1072&scripturi=/innsyn.aspx&Mid1=83&> .

Dokumenta inneheld alle endringar som er gjort som resultat av løysing av statlege motsegn. Alt som er endra etter høyring, er markert i gult.

Oppmoding om trekking av motsegn

Øystre Slidre kommune ber, basert på dei resultata som no ligg føre og dei vurderingane som er gjort i dette brevet, om at siste motsegn knytt til manglande dokumentasjon vert trekt. Vi ber om snarleg tilbakemelding, gjerne i forkant av formannskapsmøte torsdag 27. november.

Med helsing

Tone Snorheim
Tenesteleiar Næring, Plan og Bygg

Vedlegg

Resipientvurdering_Volbufjorden 2025 B02

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.